
Saknr: 2020/37733-1
Saksbehandlar: Torill Monstad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		13.02.2020

Oppdragsbrev til Siva 2020

Forslag til vedtak:

1. Utval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek ramma som ligg i oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til SIVA for 2020.
2. Vestland fylkeskommune overfører totalt kr **23 800 000 til Siva**, Selskapet for industrivekst SF, for 2020. Overføringa vert utbetalt i to omgangar, og vert fordelt på den einskilde næringshage og inkubator på følgjande måte:

Aktører i programma	2020	2020	Haust
Næringshagen på Voss		850 000	850 000
Gulen og Masfjorden Næringshage		850 000	850 000
Nordhordland Næringshage		700 000	700 000
Næringshagen i Hardanger		700 000	700 000
Sognefjord Næringshage		850 000	850 000
Stryn Næringshage (Nordfjord)	1 250 000		1 250 000
Atheno	1 000 000		1 000 000
Industriutvikling Vest	750 000		750 000
VIS	2 500 000		2 500 000
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	1 500 000		1 500 000
Aksello	750 000		750 000
	11 700 000		11 700 000

3. Vestland fylkeskommune vidarefører satsinga på Inunet-nettverket for næringshagane og inkubatorane i heile Vestland fylke. De vert avsett ei årleg ramme på kr 400 000 til eit toårig prosjekt for «Inunet».
4. Vestland fylkeskommune forventar at Siva skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein strategisk partner og støtte for næringshage- og inkubatormiljøa i fylket. Det forventes òg at Siva deltek i den regionale partnerskapen mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Oppdragsbrev frå Vestland fylkeskommune til Siva for 2020

Samandrag

Frå 1. januar 2020 er fylkeskommunane, frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kulturdepartementet, gjeve oppdragsgjevaransvaret for følgjande ordningar:

- Innovasjon Noreg og SIVA sine bedriftsretta ordningar,
- ordninga Bedriftsnettverk
- Mentortenesta for gründerar,
- Landsdekkjande etablerartilskot,
- Næringshageprogrammet og Inkubatorprogrammet

Det er overført samla kr 99 377 000 frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Dette beløpet skal fordelast til desse aktørane. I overføringsbrevet frå departementet, som er meldt utvalet som referatsak tidlegare, er dei ei føring at midla ikkje kan omdisponerast til andre formål en desse.

Vestland fylkeskommune fordeler i denne saka til saman kr 23 400 000 til næringshagane og inkubatorane i Vestland, basert på ein differensieringsmodell og prosess som Siva har bygd opp over fleire år og som no vert vidareført for 2020. Denne saka slik grunnlaget overføring til Siva for 2020, som då vert gjeve oppdrag å ivaretek det faglege oppfølgingsansvaret til Næringshagane og Inkubatorane for 2020. Resten av overført beløp vert fremma i eiga sak knytt til «Oppdragsbrev til Innovasjon Norge Vestland».

Vestland fylkeskommune forventar at Siva skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein strategisk partner og støtte for næringshage- og inkubatormiljøa i fylket. Det forventes òg at Siva deltek i den regionale partnerskapen mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge Vestland og Forskningsrådet.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå 1. januar 2020 er fylkeskommunane, frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kulturdepartementet, gjeve oppdragsgjevaransvaret for følgjande ordningar:

- Innovasjon Noreg og SIVA sine bedriftsretta ordningar,
- ordninga Bedriftsnettverk
- Mentortjenesta for gründerar,
- Landsdekkjande etablerartilskot,
- Næringshageprogrammet og Inkubatorprogrammet

Det er overført kr 99 377 000 frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, og dette beløpet skal fordelast til desse aktørane. I overføringsbrevet frå departementet, som er meldt utvalet som referatsak tidlegare, er dei ei føring at midla ikkje kan omdisponerast til andre formål en desse.

Vestland fylkeskommune fordeler i denne saka til saman kr 23 400 000 til næringshagane og inkubatorane i Vestland, basert på ein differensieringsmodell og prosess som Siva har bygd opp over fleire år og som no vert vidareført for 2020. Denne saka slik grunnlaget overføring til Siva for 2020, som då vert gjeve oppdrag å ivaretek det faglege oppfølgingsansvaret til Næringshagane og Inkubatorane for 2020.

I tillegg ligg det i saka at Vestland fylkeskommune overfører årleg kr 400 000 til eit to-årig prosjekt for «Inunet», eit etablert nettverket for næringshagane og inkubatorane i Vestland. Fylkesdirektør si vurdering er at dette er eit verdifullt nettverk, som har lagt til rette for at aktørane har utvikla seg i felleskap, delt og opparbeida seg kunnskap, til det beste for utviklinga av vår region. Nettverket er tidlegare år støtta både av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet si side er desse midlane over Statsbudsjettet samla i ei ny øymerkt ordning under kap. 553, post 6. Tidlegare kap. 550, post 62 Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta, er òg lagt inn i denne posten. Den samla nasjonale løyvinga på posten er i 2020 763,3 millionar kroner, der Vestland fylke er tildelt kr 99.377.000.

Denne saka dannar grunnlaget for fordelinga fylkesrådmannen tilrår til Siva for 2020.

Tildelinga til den einskilde næringshage og inkubator er basert på ein omfattande differensieringsmodell og prosess, som Siva har gjennomført for alle aktørane nasjonalt i desse to programma. Resultatet av prosessen er at den einskilde aktør hamnar på eit nivå i ein pyramide for økonomisk støtte. Tidlegare har denne summen kome til Siva direkte frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. På grunn av regionreforma, er det no opp til fylkeskommunane sjølv i kor stor grad ein ynskjer å prioritere Siva sine program. Erfaringa frå tidlegare Hordaland og Sogn- og Fjordane fylkeskommune, er at dette er verdifulle verktøy i regional og lokal utvikling.

Siva-strukturen består nasjonalt av 40 næringshagar, 34 inkubatorar, 5 katapult-sentre, over 70 innovasjonsselskap, og 36 eigedomsselskap som samla er eigar i over 100 eigedomar.

Gjennom Siva-strukturen får bedriftene nettverk, partnerar, kompetanse, og fasilitetar, der dei kan dra nytte av andre si erfaring og raskare lykkast med si vekst og utvikling.

Siva har mangeårige erfaring og kompetanse, og Vestland fylkeskommune forventar at dei brukar dette til å vere ein strategisk partner og støtte for næringshage- og inkubatormiljøa i fylket. Siva er òg sentral i den nasjonale partnerskapen mellom Innovasjon Norge og Forskningsrådet, og den regionale partnerskapen der fylkeskommunen har ei styrande rolle.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant for fylkesbudsjettet, då dette er midlar overført frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, som fylkeskommunen ikkje kan disponere til andre tiltak enn Siva og Innovasjon Norge Vestland.

Klima: Overføringane til næringshagane og inkubatorane er relevant for klima, då blant anna omstilling, grøn konkurransekraft og klimainnovasjon er viktige områder som desse aktørane jobbar med.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Næringshagane og inkubatorane gjev innspel til regional planstrategi, og er såleis med og formar planstrategien og utviklinga av Vestland.